



Møteprotokoll

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Herøy rådhus - Kommunestyresalen
Dato: 09.11.2022
Tid: kl 13.00 - 15.30

Fremmøtte

Ann Elin Myklebust
Kristin Helsem Sævik
Idar Kjell Tarberg
Jan Nilsen

Representerer

H
SP

Funksjon

medlem
medlem
leiar
nestleiar

Forfall

Leiv Aarflot

Representerer

Ap

Varamedlem

Gerhard Furø

Representerer

Møtenotater:

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide, dagleg leiar/revisjonssjef.

Herøy kommune:

Trond Arne Aglen, kommunedirektør. Gjekk før sak 38/22.

Det var pause før sak 36/22, frå kl.15:55 til kl. 15:03.

Møteslutt kl. 15:30.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 27/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/3262
PS 28/22	Godkjenning av protokoll	22/3262
PS 29/22	Orienteringar	22/3262
PS 30/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/3262
PS 31/22	Referatsaker	22/3262
PS 32/22	Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)	22/3221
PS 33/22	Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (SSR)	22/3261
PS 34/22	Tertialrapport per 31.08.2022	22/2726
PS 35/22	Budsjett for kontrollarbeidet 2023	22/3250
PS 36/22	Vedtaksoppfølging	22/1571
PS 37/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/3262
PS 38/22	Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon	22/3351

Fosnavåg, 09.11.2022

Idar Kjell Tarberg
Leiar i kontrollutvalet

PS 27/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 28/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Behandling:

Merknad: Ordføraren står oppført som medlem av kontrollutvalet, så dette må sjekkast opp.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS 29/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
05/22	Kommunedirektøren - Orientering om nytt økonomi- og fleksitidsystem
06/22	Kommunedirektøren - Orientering om arbeidssituasjonen

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

Behandling:

OS05 - Orientering om nytt økonomi- og fleksitidsystem

Kommunedirektør Trond Arne Aglen orienterte og svarte på spørsmål. Han viste fram systemt, Visma, på storskjerm slik at kontrollutvalet fekk sjå korleis det ser ut og fungerer.

OS06 Orientering om arbeidssituasjonen

Kommunedirektør Trond Arne Aglen orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 30/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, elles ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet kjem med merknad til protokollen for møtet 23.08.2022, utval for samfunnsutvikling. Kommunedirektøren vil sørge for at dette blir retta opp.

Behandling:

Jan Nilsen stilte spørsmål ved administrasjonsutvalet då det er mangel på møter med protokoll oppført på heimesida til kommunen. Kommunedirektøren orienterte om administrasjonsutvalet sin status og funksjon. Han vil sjekke opp vidare.

Ann Elin Myklebust kom med merknad til protokollen for møtet 23.08.2022, utval for samfunnsutvikling. Under PS79/22 ser det ut som det har kome ein "copy-paste" feil. Kommunedirektøren vil sjekke dette opp så det blir retta.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 31/22 Referatsaker

Underliggende sak:

Saknr.	Tittel
11/22	Påvirker økt inflasjon kommunene

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 32/22 Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

PS 33/22 Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding 2021 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS til vitende.

PS 34/22 Tertialrapport per 31.08.2022

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport per 31.08.2022 til vitende.

Behandling:

Kommunedirektør Trond Arne Aglen orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek tertialrapport per 31.08.2022 til vitende.

PS 35/22 Budsjett for kontrollarbeidet 2023

Vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 238 000 (kr 163 000 + kr 75 000).
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 301 472 (kr 1 226 472 + kr 75 000).

Behandling:

Leiar i kontrollutvalet, Idar Tarberg, kom med forslag om å auke ramma til kontrollutvalet med kr. 75 000 ved å legge dette til i ein post for uforutsette utgifter til ekstern bistand. Forslaget blei enstemmig vedtatt.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 163 000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 226 472.

PS 36/22 Vedtaksoppfølging**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 37/22 Saker til eventuell seinare behandling**Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.

PS 38/22 Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Behandling:

Finansiell revisor Bodill Skeide orienterte og svarte på spørsmål. Det kom ikkje fram høve som gjorde det nødvendig å lukke møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.